

Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Haram kommune for tilskotsåret 2027.

Fastsett av kommunestyret i Haram kommune [dato] med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehager (finansieringsforskriften) § 1 og § 6.

§ 1. Verkeområde og iverksetjing

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Haram kommune for tilskotssåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar blir følgende satsar nytta per heiltidsplass.

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år: kr 288 171

Barn 3-6 år: kr 156 604

§ 3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsen er berekna på grunnlag av den siste tilgjengelege kommunerekneskapen som er rekneskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsen berekna ut frå dei ordinære driftsutgiftene til kommunen i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følgjer av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren)

Kommunen tek atterhald om at satsen kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale styresmakter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som medfører endringar i berekningar av satsar.

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemde over, blir gjennomførte administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningsloven §37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar blir formidla til private barnehagar og forskrift oppdaterast utan unødig opphald.

§ 4. Dokumentasjon på berekning

Berekning av sats er gjord i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget er synleggjort som vedlegg i saksframlegg «» «». Private barnehagar får tilsendt berekninga.

§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til kvar enkelt private barnehage blir fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19a-c, og finansieringsforskrifta § 3, med grunnlag i satsen i denne forskrifta.